



Arne Bruknapp
Røahaugen 35 B
0754 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5860 - 14/21665

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
24.09.2014

Avvising av klage - gbnr 68/2 Bruknapp

Administrativt vedtak. Saknr: 280/14

Lindås kommune viser til innsendte klage på gbnr 68/2 motteken her 11.09.2011.

Det vert vist til innsendte byggesøknad om gjenoppbygging av delar av løa på eigedommen, og Lindås kommune sitt brev datert 22.08.2014, der søkjar mellom anna vert gjort merksam på at tiltaket krev dispensasjon frå gjeldande plangrunnlag.

Klagen gjeld i hovudsak klage på Lindås kommune sitt krav om at tiltaket krev dispensasjon, samt at klagar ikkje kan sjå vurderingstemaet ved ei eventuell dispensasjonshandsaming og at det er vanskeleg å sjå for seg at kommunen kan sei nei til tiltaket.

Vurdering

Det følgjer av forvaltningslova (fvl.) § 28 at «*enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det **forvaltningsorgan** (klageinstansen) som er nærmest overordnet det **forvaltningsorgan** som har truffet vedtaket (underinstansen)*».

Det følgjer av fvl § 2 at eit enkeltvedtak er «*et vedtak som gjelder rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personer*».

I denne saka er det sendt inn søknad om tiltak. På bakgrunn av innsendte søknad har Lindås kommune hatt ei gjennomgang av saka, og funne trong for tilleggskontroll før søknaden kan handsamast. Eit av forholda som vart meldt tiltake til søkjar var at tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen sin arealdel, plankravet i kommuneplanen og frå plan- og bygningslova § 1-8, bygging i 100 meters beltet langs sjø. Dette brevet er eit brev til søkjar om dei faktiske forholda i saka, og ei melding om trong for tilleggskontroll for å kunne handsama den innsendte søknaden. I vurderinga om eit tiltak krev dispensasjon, er det ikkje avgjerande om



kommunen er positiv eller negativ til dispensasjon. Handsaming av ein dispensasjon, utan at det er sendt inn søknad om dette, er ein sakshandsamingsfeil som kan føra til at vedtaket vert ugyldig.

Lindås kommune sitt brev datert 22.08.2014 er såleis ikkje eit brev som gjeld rettar eller pliktar til ein eller fleire bestemte personar, og er såleis ikkje eit enkeltvedtak etter fvl § 2. Då vedtaket ikkje er eit enkeltvedtak, så kan det heller ikkje påklagast etter fvl § 28.

VEDTAK:

Med heimel i forvaltningslova § 33 vert klage datert 11.09.2014 avvist.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Andre forhold

I klagen er det vist til forhold kring endringar av arealføremål i kommuneplanen sin areadel, og de ber om eventuell kopi av underretning ved rullering av kommuneplanen.

I planarbeid med kommuneplanen vert det ikkje sendt ut underretning til alle grunneigarar i kommunen. Kommuneplanen sin arealdel vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan- og bygningslova. Dette skjer gjennom kunngjering i aviser, og elektroniske medier. Det er sett frist for innsending av uttale/merknader til planen.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.